



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Driftsstyret  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 13.01.2016  
**Tid:** 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Rebecca Riise Bjerknes	Leiar	SP
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP
Alf Jakobsen	Medlem	SV
Mathilde Sjøhelle Eiksund	Medlem	V
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Inger Tove B. Simonnes	Medlem	KRF
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Per Svein Krøvel	Medlem	H

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hild Våge	Nestleiar	AP

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Inghild Liv Remøy	Hild Våge	MDG

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Per Ivar Kongsvik	oppvekstsjef
Nina Hovden Eidheim	fagkonsulent
Bodil Brautaset	fagkonsulent
Kjell Magne Rindal	eigedomssjef
Regine Solberg Aklestad	planleggar
Bente Kristin Krøvel	møtesekretær

## SAKLISTE

**Saksnr.**      **Sak**  
PS 1/16      **Godkjenning av innkalling og sakliste**

PS 2/16      **Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

- PS 4/16      **Flytting av ungdomssteget ved Austefjord skule - iverksetjing av vedtak**
- Orientering**  
                 **Eigedomssjef Kjell Magne Rindal orienterte om drift av reinhald i kommunale bygg**
- PS 3/16      **Retningslinjer for utmåling av kommunalt tilskot til private barnehagar f.o.m. 2016**
- PS 5/16      **Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel**
- Orienteringssaker**
- OS 1/16      **Mandat for arbeidsgruppe i høve busetjing av einslege mindreårige flyktningar i kommunane Hareid, Ulstein, Volda, Ørsta**
- OS 2/16      **Orientering. Mission Possible, referat frå møte 21. - 22.okt.2016**
- OS 3/16      **Referat tverrfagleg leiarteam for barn og unge**
- OS 4/16      **Referat frå møte i SU, Austefjord skule 26.11.15**
- OS 5/16      **Referat frå SU-møte Dalsfjord skule den 03.12.15**

Plakaten ”Flyktningkrise og kommuner/frivillige – gode råd for samarbeid”, vart delt ut til orientering.

## **PS 1/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

Innkalling og sakliste vart publisert 06.01.16.

I ettertid kom det inn skriv frå FAU v/Austefjord skule, til sak 4/16 i driftstyret. Skrivet vart sendt til medlemene pr.epost 12.01.16.

Forslag frå leiar at sak 4/16 vert handsama før sak 3/16. Driftstyret slutta seg til dette.

Orientering frå eigedomssjef Rindal vil også vere før sak 3/16.

### **Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 13.01.2016**

*Med endring av rekkefølge på saklista vart innkalling og sakliste samrøystes godkjend.*

## **PS 2/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 13.01.2016**

*Møteprotokoll frå forrige møte 02.12.2015, vart samrøystes godkjend.*

## **PS 4/16 Flytting av ungdomssteget ved Austefjord skule - iverksetjing av vedtak**

### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Kommunestyret tek til vitende at administrasjonen planlegg å flytte ungdomssteget ved Austefjord skule, jfr kommunestyret sitt vedtak 30.01.2014.*
- 2. Kommunestyret tek orienteringa om skuleskyssen for elevane som skal ta til ved Volda ungdomsskule frå hausten 2016 til vitende.*
- 3. Kommunestyret legg til grunn at fylkeskommunen organiserer eit skysstilbod for elevane som stettar rettane elevane har etter opplæringslova.*

### **Handsaming:**

#### Endringsforslag frå Rebecca Riise Bjerknes:

*Kommunestyret meiner at 7 elevar ved ein ungdomsskule er for lite. Kommunestyret kan likevel ikkje gjennomføre ei nedlegging av Austefjord ungdomsskule med den skuleskyssen som er skissert i dag.*

*1) nedlegginga av Austefjord ungdomsskule vert utsett, og skal handsamast seinast på ny i forkant av budsjett for 2017.*

*2) kommunestyret ber administrasjonen utgreie fullstendige kostnader med eigne tilbringarruter frå Høydalen, Osdalen og direkterute til og frå ungdomsskulen forkant av ny handsaming*

*3) kommunestyret ber administrasjonen gå i nye forhandlingar med fylket om ein betra skuleskyss for Austefjordelevane*

*4) Kommunestyret bed administrasjonen jobbe vidare med ei avklaring frå Ørsta med tanke på Bjørkelevane.*

*5) det skal setjast ned ei arbeidsgruppe som jobbar i lag for å få til ei best mogleg og langsiktig løysing for ungdomsskuleelevane frå Austefjorden. Gruppa skal bestå av ein frå administrasjonen, ein foreldrerrepresentant og ein politkarrepresentant. Administrasjonen kallar inn til fyste møte.*

#### Endringsframlegg frå Roald Espset:

*1. Kommunestyret tek til vitende at administrasjonen planlegg å flytte ungdomssteget ved Austefjord skule, jfr kommunestyret sitt vedtak 30.01.2014.*

*2. Kommunestyret ber administrasjonen gå i nye forhandlingar med fylket om ein betra skuleskyss for Austefjordelevane basert på innspel frå FAU v/Austefjord skule i epost av 12.01.2016.*

3. Kommunestyret bed administrasjonen jobbe vidare med ei avklaring frå Ørsta med tanke på Bjørkeelevene.

**Prøverøysting:**

Rebecca Riise Bjerknes sitt framlegg fekk fem røyster. Fire røysta for adm.si tilråding.

**Endeleg røysting:**

Rebecca Riise Bjerknes sitt framlegg fekk fem røyster og vart vedteke. Fire røysta for adm.si tilråding.

**Vedtak i Driftsstyret - 13.01.2016 til kommunestyret**

*Kommunestyret meiner at 7 elevar ved ein ungdomsskule er for lite. Kommunestyret kan likevel ikkje gjennomføre ei nedlegging av Austeffjord ungdomsskule med den skuleskyssen som er skissert i dag.*

*1) nedlegginga av Austeffjord ungdomsskule vert utsett, og skal handsamast seinast på ny i forkant av budsjett for 2017.*

*2) kommunestyret ber administrasjonen utgreie fullstendige kostnadar med eigne tilbringarruter frå Høydalen, Osdalen og direkterute til og frå ungdomsskulen forkant av ny handsaming*

*3) kommunestyret ber administrasjonen gå i nye forhandlingar med fylket om ein betra skuleskyss for Austeffjordelevane*

*4) Kommunestyret bed administrasjonen jobbe vidare med ei avklaring frå Ørsta med tanke på Bjørkeelevene.*

*5) det skal setjast ned ei arbeidsgruppe som jobbar i lag for å få til ei best mogleg og langsiktig løysing for ungdomsskuleelevene frå Austeffjorden. Gruppa skal bestå av ein frå administrasjonen, ein foreldrerepresentant og ein politikarrepresentant. Administrasjonen kallar inn til fyste møte.*

**PS 3/16 Retningsliner for utmåling av kommunalt tilskot til private barnehagar f.o.m. 2016**

**Administrasjonen si tilråding:**

*Kommunestyret vedtek "Retningsliner for utmåling av kommunalt tilskot til private barnehagar f.o.m 2016" som dei ligg føre.*

**Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 13.01.2016 til kommunestyret**

*Kommunestyret vedtek "Retningsliner for utmåling av kommunalt tilskot til private barnehagar f.o.m 2016" som dei ligg føre.*

## **PS 5/16 Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel**

**Administrasjonen si tilråding:**

**Saka vert fremja utan tilråding.**

**Konklusjonane frå arbeidsmøta vil bli samanstilt i notat "*innspel frå driftsstyret/-forvaltningsstyret til kommuneplanen sin samfunnsdel*", som vil fylgje planframlegget ved vidare handsaming.**

**Handsaming:**

Planleggar Regine Solberg Aklestad orienterte om kommunedelplanen sin samfunnsdel. Driftstyret kom med sine innspel gjennom oppgåvearket som låg i saka. Innspela tek planleggaren med vidare i arbeidet med planen.

## **Orienteringssaker**

**Plakaten "Flyktningkrise og kommuner/frivillige – gode råd for samarbeid", vart delt ut til orientering.**

**OS 1/16**

**Mandat for arbeidsgruppe i høve busetjing av einslege mindreårige flyktningar i kommunane Hareid, Ulstein, Volda, Ørsta**

**OS 2/16**

**Orientering. Mission Possible, referat frå møte 21. - 22.okt.2016**

**OS 3/16**

**Referat tverrfagleg leiarteam for barn og unge**

**OS 4/16**

**Referat frå møte i SU, Austefjord skule 26.11.15**

**OS 5/16**

**Referat frå SU-møte Dalsfjord skule den 03.12.15**

Møtet slutt kl. 17.40

Rett utskrift vert vitna

14.01.2016

Volda kommune, servicekontoret

Bente Kristin Krøvel  
førstesekretær

